

Gloppen Eiedomsmeikling

Grandavegen 26, 6823 Sandane
57 88 44 00 / 97 53 38 58
post@gloppenadvokat.no
www.gloppenadvokat.no
Fb @gloppeneiedomsmeikling



” Vi er opptatt av å yte ei profesjonell meklarteneste med sikte på at både seljar og kjøpar skal bli fornøgd.

Jan Erik Mardal

Advokat og meklar



Skal du selje bustad?

Vi har lang erfaring med sal av einestader, leilegheiter, gardseieedomar og fritidseieedomar. Kjerneområdet vårt er Gloppen, Stryn og Jølster.

Honorar til meklar vil normalt ligge omkring kr. 48.000,- inkl. mva. I tillegg kjem utgifter til annonsering mv. Ein får full oversikt over alle kostnader i utkast til oppdragsavtale.

I tillegg til ordinære meklaroppdrag, tilbyr vi kontraktsoppgjær (kjøpeavtale, skøyte og oppgjær) til fastpris kr. 15.000,- inkl. mva.

Husk at det er lurt å starte planlegginga i god tid. Det kostar ikkje noko å ha førehandsmøte med meklar.

Innhenting av takst

Seljar tar sjølv kontakt med takstmann for bestilling av verditakst eller bustadsalsrapport. Meklar har oversikt over aktuelle takstmenn i distriktet. Taksten kan ikkje vere eldre enn 6 månader når eiedomen blir lagt ut for sal.

Synfaring med meklar

Så snart takst ligg føre og oppdragsavtale er signert, vil meklar føreta synfaring av eiedomen saman med eigar der meklar m.a. gir tips om klargjering av eiedomen før fotografering og sal.

Fotografering

Vi har fast avtale med lokal fotograf som kan tilby ulike fotopakkar til ein gunstig pris. Seljar avtaler sjølv tidspunkt for fotografering med fotografen.

Utarbeiding av salsprospekt

Meklar innhentar dokumentasjon til salsprospekt, som t.d. reguleringsplan, 2D-teikningar, energiattest mv. Salsprospektet skal godkjennast av seljar og blir trykt av lokal produsent.

Visning og bodrunde

Eieedomer blir annonsert for sal på FINN, vår Facebook-side og andre kanalar, så snart salsoppgåva er klar. I tillegg tilrår vi annonse i lokalavis(er). Det blir hengt opp eit «Til Sals» skilt på bygningen. Meklar er ansvarleg for gjennomføring av både visning om ikkje anna er avtalt. Salsprospektet inneheld nærmare reglar om bodgiving.

Kontraktsmøte og avslutning av oppdraget

Så snart det er gitt aksept av bod blir det avtalt kontraktsmøte mellom partane. Overtaking skjer normalt seinast 3 månader etter aksept av bod.